

# KONTAKT

KYRKJEBLADET FOR MELAND · NR. 02/17 · 27. ÅRGANG



8

Ateist og kyrkjemann  
hand i hand for  
kyrkje- og kulturhus

3

Velkommen att  
Anne Marit Fosse Dahle er  
tilbake som kyrkjepedagog.

4

Gi deg rik!  
Blir betre  
menneske av å gi

6-7

Setter av en uke  
Prioriterer familien

15

Konfirmasjon 2017  
Se bilder av alle  
våre flotte konfirmanter





# DEN NORSKE KYRKJA

Meland kyrkjelyd

Kontakt er kyrkjebladet for Meland kyrkjelyd og kjem ut 4 gonger i året. Bankgiro 3632.07.04019 eller

Vipps 59301

Redaktør: Johanna Hundvin Almelid

Ansvarleg: Geir Øy

Redaksjon: Steinar Dale Wessman

Maria Sæle

Grafisk design: Opplett

Trykk: Bodoni AS

Framsdebilde: Arthur Kleiveland

Innleveringsfrist til neste utgåve av

Kontakt er 15. august

[www.melandkyrkja.no](http://www.melandkyrkja.no)

Adresse: Postboks 117, 5906 Frekhaug

Telefon: 56171480

Epost: [post@melandkyrkja.no](mailto:post@melandkyrkja.no)

Besøksadresse kontor og Møteplassen:

Havnevegen 31, (2 etasje over apoteket)

Frekhaug

Treffetid: Mandag, onsdag, fredag

12.00-15.00

Rådhusresepsjonen kan også formidle

kontakt: 56171000

Kontakttelefon ved krise: 95483874



**Bjørn Moe**

Seniorprest - 928 22 413

[bjorn.moe@melandkyrkja.no](mailto:bjorn.moe@melandkyrkja.no)



**Anne Sofie Nergård Uthaug**

Kyrkjeverje - 56171485

[anne.uthaug@melandkyrkja.no](mailto:anne.uthaug@melandkyrkja.no)



**Torbjørn Aamli**

Sokneprest - 56171484

[torbjorn.aamli@melandkyrkja.no](mailto:torbjorn.aamli@melandkyrkja.no)



**Trond Fykse**

Kyrkjelydsmusikar - 56171483

[trond.fykse@melandkyrkja.no](mailto:trond.fykse@melandkyrkja.no)



**Ruben Sæle**

Diakon med ungdomsfokus

56171488 / [ruben.saele@melandkyrkja.no](mailto:ruben.saele@melandkyrkja.no)



**Linda Gripsgård Lunga**

Konsulent - 56171480

[linda.lunga@melandkyrkja.no](mailto:linda.lunga@melandkyrkja.no)



**Anne Marit Fosse Dahle**

Kyrkjelydspedagog - 56171482

[anne.dahle@melandkyrkja.no](mailto:anne.dahle@melandkyrkja.no)

**Stine Karin Sæle**

Husgruppekoordinator

47640809 / [stine.saele@melandkyrkja.no](mailto:stine.saele@melandkyrkja.no)

**Junji Furukawa**

Kyrkjetenar - 46797567

[junjif@sky.plala.or.jp](mailto:junjif@sky.plala.or.jp)

**Regine Sagstad Berg**

Soknerådsleiar - 99324460

[reginesagstad@gmail.com](mailto:reginesagstad@gmail.com)

**Eva Kristin Dale Wessman**

Barnearbeidar (permisjon)

# Tankestrek

Leder: Torbjørn Aamli, Anne Sofie Nergård Uthaug

*Kirke og Kultur!  
Tro ikkje at  
jeg kommer fra små forhold!  
Himmelen sto alltid  
åpen over meg.  
Jeg levde mine år  
med Syvstjernen som nabo  
og vinden som følgesvenn.  
Jeg kjenner  
de lave maurstiene  
mellom brukne strå på jorda,  
men også lengselens kongevei  
av lys der Guds fotspor står tegnet  
i stjernestøvet.  
Jeg er et menneske.  
Jeg har  
kjent storheten i det  
å være så uendelig liten.*

Hans Børli

Drømmen om et kirke- og kulturbygg i Meland kan bli virkelighet. Stadig flere ser at for at et samfunn skal leve og vokse, så trenger vi kultur – i vid betydning. Kultur kan være så mangt.

Ordet kommer fra å dyrke jorda. På et tidspunkt i menneskenes historie, lærte vi mennesker å påvirke naturen. Utvikle og foredle. Ofte til det gode, av og til det onde. For vi har muligheten i oss til begge deler. Og vi har evnen til å undre oss, både over den åpne himmel og de nære ting, over storhet og litenhet.

Derfor trenger vi et hus for kirke og kultur. Et sted som kan brukes 7 dager i uken, fra morgentil til sene kveld – når det passer slik. Et sted der folk kan møtes. Enten det er i bibliotekets lesestoler, på kafeen, på babysang eller eldre-treff. Et sted der barn og unge bare kan være til, eller samles om sang og musikk, dans og drama, form og farge, og bibelfortellinger. Et sted unge familier kan knytte kontakter med andre. Folk kan inspireres av kunstuttrykk, konserter og gudstjenester, til et meningsfullt liv, tro og tjeneste. På tvers av generasjoner, på tvers av språklige og kulturelle bakgrunner kan vi bli kjent med nye, og knytte vennskap.

Vi håper mange vil være med og drømme sammen med oss, og hjelpe til at drømmen blir virkelighet.

# Velkommen att, Anne Marit!

Tekst: Maria Sæle

Foto: Privat

Anne Marit Fosse Dahle tok til i mai 2017 i ny stilling som trusopplærer i Melandkyrkja. Stillinga hennar erstatter ein del av oppgåvene som Steinar Sneås Skauge hadde i undervisningspreststillinga. Kontakt ynskjer henne hjarteleg velkommen attende i staben i Melandkyrkja, ettersom Anne Marit har arbeidd i trusopplæringa tidlegare.

## – Kan du fortelje litt om deg sjølv?

– Eg heiter Anne Marit Fosse Dahle. Eg har vakse opp på Frekhaug, og flytta tilbake hit for snart fire år sidan. Eg er 34 år, er gift med Geir, og har tre små barn. Eg har jobba med søndagsskulen og trusopplæringa i Meland kyrkje tidligare, men det siste året har eg jobba i Alversund og omegn, der og som trusopplærer.

## – Kva skal du drive med i jobben som trusopplærer?

– Eg skal vere leiar for all trusopplæringa i Meland kyrkje. Det vil sei at eg kjem til å jobbe med dei fleste aldersgrupper frå 0-18 år. Eg skal ha babysang, arrangement og tiltak for ulike aldersgrupper, som til dømes 4-årsbok, “Ranselbøn” for dei som skal byrje på skulen, “Tårnagentar”, “Lys vaken” mm. Eg skal og ha ansvar for konfirmantane. Så om barnet ditt får brev frå kyrkja, er det mest truleg frå meg.

## – Kva likar du best med å jobbe med born og ungdom?

– Det er ein veldig allsidig jobb, der eg får bruke mange sider av meg sjølv. Alt frå å leike og synge med babyar og små barn, til å vere med konfirmantar, og prøve å forstå litt av korleis deira kvardag er og korleis dei tenkjer. Det er eit stort spenn. Men eg trur det er bra å få utfordre seg sjølv på fleire plan. Det er kjekt å få treffe og bli kjent med mange av barna og dei unge i kommunen. Og det er jo sjølvsgatt utruleg fint å få formidle trua midt i det heile.

## – Kva er drøymesituasjonen for born og unge i Melandkyrkja?

– Draumen er å ha eit yrande liv i barne- og ungdomsarbeidet, med mange gode frivillige, og barn og unge i alle aldrar. Eit godt miljø der dei unge føler seg inkludert og sett. Nytt kyrkjebygg på Frekhaug er jo sjølvsgatt ein stor draum, og ville gitt oss høve til å bruke kyrkja i fleire samanhengar, og til fleire aktivitetar og arrangement i kvardagen!

## – Har du nokre tips til korleis foreldre kan gjø borna sine trusopplæring? Kva gjer det sjølve?

– Eg vil jo sjølvsgatt oppfordre foreldre til å nytte seg av dei tiltaka dei får invitasjon til frå kyrkja.

Det er ikkje alltid så mykje som skal til for å gi rom for trusopplæring i heimen. Ein kan for eksempel synge eller be ei bordbøn og lese eller synge kveldsbøn på sengekanten. Dette kan

gje rom for fine pratar og stunder med borna. Elles er Tripp trapp-klubben eit tips. (Dåpsklubb, iko.no) Der får ein bøker, cd-ar og liknande med kristent innhald i posten nokre gonger i året. Dei to eldste borna mine er med i denne klubben, og det kan skape mange fine lesestunder. Borna mine liker godt å synge, og dei er med i barnekoret Levande lys. Der får dei lære kristne songar, og dei får høyre noko frå Bibelen. Vi tar og borna våre med i kyrkja og på søndagsskulen. Dette er fine og enkle måtar å la borna lære meir om Jesus og kristendommen.

Me ønskjer Anne Marit Guds signing i tenesta!



# Gi deg rik!

Tekst/foto: Anne Sofie Nergård Uthaug

## ANDREAS WESTERMOEN TRUR VI BLIR BETRE MENNESKE AV Å GI.

Han er eit engasjert medlem i Meland sokneråd og trakterer ulike instrument, både i kyrkja og på jazzkafeen i Nordgardsløa. Han har eit stort engasjement for mellom anna gjevartenesta i kyrkjelyden. Kontakt har spurt han kvifor folk skal gi pengar til noko som er offentleg finansiert.

– I kyrkjelyden ønskjer vi at kyrkja skal vere meir enn gudstenester, kyrkjegard og prest. Kyrkjelydsarbeid som søndagsskule og ungdomsarbeid, norskkurs/språkkafé, Open Møteplass, Rosetenesta og husgruppearbeid vert drive ved hjelp av gåver. Det flotte konsertpianoet i kyrkja vart også fullfinansiert av gåvemidlar, men utanom givartenesta. For oss i Meland er også ny kyrkje under planlegging. Ho vil la oss drive kyrkja og kyrkjelyden der folk bur, men det klarer vi ikkje utan flere givarar.

– Kva forskjell kan gåvene gjere?

– Sjå berre på alt det gode arbeidet som skjer på Møteplassen! Kanskje endå viktigare; ein god flokk med gode givarar til ny kyrkje vil sende eit klart signal til kommunen om at dette er noko folk verkeleg ønskjer, og at det kjem til å bli noko av. Ei sterk givarteneste kan utgjere forskjellen mellom at ei ny kyrkje vert realisert, og ikkje berre planlagt

## FAKTA

- Gjevartenesta i Meland kyrkjelyd er pr 31.12.2016 på kr 336 000. I tillegg kjem offer til eige arbeid og andre gåver og tilskot på nesten 387 000. Kyrkjelyden samlar også inn 211 000 til andre formål

- Gåveinntektene går til det som offentlege midlar ikkje rekk til: Søndagsskulen, ungdomsarbeidet, det diakonale (omsorg og fellesskap) arbeidet, spesielt på Møteplassen.

- I 2016 starta kyrkjelyden opp eit nytt prosjekt for å styrkje og byggje opp gruppearbeidet og tilsette Stine Karin Sæle i 20% stilling. Dette prosjektet treng meir inntekter for å halde fram. Du kan øyremerke gåva di til dette prosjektet.

- Viss du vil bli med i fast gjevarteneste – gå inn på [www.melandkyrkja.no](http://www.melandkyrkja.no). Der finn du ei sak om gjevartenesta på framsida eller under «Om oss». Det er lett å melde seg på. Eller ta kontakt med kyrkjekontoret 56171480.



DOBLAST: – Får vi 30 nye givarar som gir 1000 kr i månaden, vil gjevartenesta doblast, seier Andreas Westermoen - på Møteplassen.

– Kva er realistisk å samle inn?.

– Vi har store ambisjonar no som kyrkjeplanane har vorte konkrete. Får vi 30 nye givarar som gir 1000 kr i mnd (2-3% av årsløna), vil givartenesta doblast, og vi er på god veg mot eit nivå som kan bere ei ny kyrkje. Vi har mange i kyrkjelyden som allereie er faste givarar til anna arbeid, men eg er sikker på vi har mange som har råd til å gi litt meir.

– ”Ein vert ikkje fattig av det ein gir vekk”, står det på kyrkjelyden si nettside. Er ikkje det ein dryg påstand? Kva med uttrykket givarglede?

– Spør dei som allereie gir mykje i dag! Eg trur vi blir betre menneske av å dele, i tillegg til at gåvene hjelper andre. Så her er det vinn-vinn.







# Benkeslitaren

Tekst: Monika B. Aarland

## ARILD OG KARI STANGELAND, KNARVIK.

- *Kva for kyrkje går de i?*  
– Knarvik kyrkje.
- *Kor lenge har de vore aktive i kyrkjelyden?*  
– Sidan før kyrkja var på plass. Då gjekk me i Misjonshuset i Knarvik.
- *Kva set de mest pris på ved kyrkjelyden?*  
– Å få vera med og utvikla ein ny kyrkjelyd.
- *Når kjem de til gudstenesta?*  
– 5-10 min. før gudstenesta startar, slik at me kan 'finna roen'. Viss me skal delta som medhjelpar, er me der minst ein halvtime før.
- *Kvar i kyrkja sit de?*  
Midt i dersom me ikkje skal bidra med noko.

Då sit me langt framme.

- *Kan de skildre kyrkja med tre ord?*  
Inkluderande, flott byggverk - 'katedralsk', spennande underetasje. (Det vart visst meir ein tre ord)
- *Kva for salme syng de gjerne for tida?*  
Påskemorgen slukker sorgen.
- *Kva skulle de ynskje at kyrkja gjorde meir av?*  
Vera endå meir inkluderande og få fleire til å våga å koma innanfor.
- *Kva er det som kjenneteiknar ein god kyrkjekaffi?*  
God kaffi og sjokoladecake og ikkje minst det sosiale - det å få ein god prat over ein kopp kaffi.





# Setter av en uke av ferien for å investere i familien

Tekst/foto: Johanna Hundvin Almelid

**I NÆRMERE TI ÅR HAR MARIA OG ERLING ROSNES SATT AV EN UKE TIL Å REISE PÅ FAMILIELEIR. – ALLE EKTEPAR KAN FÅ DET BEDRE, MENER DE.**

Veien ut mot Bøkeskogen til Maria og Erling er smal og svingete. Det er sommer i luften og vakker natur så langt øyet ser. Familien på seks bor i et nybygd hus på oppsiden av veien, med utsikt ut over sjø og gårder.

Erling serverer nytraktet kaffe ved det romslige kjøkkenbordet.

## **ET FELLES PROSJEKT**

Hver sommer drar rundt 300 familier på leir i regi av Familiefokus, som ble startet av av misjonsorganisasjonen Ungdom i Oppdrag. Familieleiren på Lyngmo er den eneste som arrangeres på Vestlandet. Det er dit familien Rosnes reiser. De første årene som deltakere, og de senere årene som ledere.

– Det har blitt et felles prosjekt for hele familien, der både barn og voksne bidrar, forteller de.

På familieleiren får de undervisning om hvordan de kan bli bedre til å leve sammen som ektepar og hvordan de kan løse utfordringer i barneoppdragelsen.

– På leiren møtte vi andre som slet med de samme utfordringene som oss. Vi har aldri vært gjennom store kriser, men vi kan alle komme videre, sier de.

## **BEDRE FORELDRE**

Maria trekker fram undervisning som har hjulpet henne og Erling til å bli bedre foreldre.

– Vi har fått hjelp til å takle barna våre på en bedre måte. For oss har det vært gull, sier hun.

Erling trekker fram verdien av å dele tro med ektefelle og i familien.

– Leirene hjelper oss å stå sammen. Når Maria og jeg jobber med å komme nærmere hverandre, får det konsekvenser for hele familien. Vi får det bedre og barna får det bedre, sier han.



Ved å lytte til undervisning har ekteparet også lært mye om kommunikasjon.

– Erling og jeg er ulike og reagerer også ulikt på ting. Vi blir bedre til å kommunisere når vi er bevisste på det, sier Maria.

#### **DE FEM KJÆRLIGHETSSPRÅKENE**

Erling snakker varmt om de fem kjærlighetsspråkene, som det blir undervist om på Lyngmo: anerkjennende ord, tid for hverandre, tjenester, gaver og fysisk nærhet.

– Kjærlighetsspråkene har hjulpet oss å forstå barna våre bedre også. De hjelper oss å kommunisere kjærlighet på en måte som de kan ta imot, sier Erling.

Han snakker også varmt om å leve i tilgivelse.

– Når vi voksne har sagt eller gjort noe dumt, må vi være villige til å be barna våre om forlatelse. Det er en verdi vi må leve ut, sier han.

#### **BARE FOR KRISTNE?**

– *Er familieleirene på Lyngmo bare for kristne?*

– Nei, men de er bygd på Bibelen. Når vi sammenligner undervisningen i Familiefokus med den man får i det offentlige, så er den veldig lik, sier Maria.

For henne har leirene fungert som en oase.

– Jeg får påfyll og tips og mange nye tanker. De gir meg en retning. I tillegg er det godt å oppleve at en ikke står alene. Hun forteller at det som rørte henne mest den første gangen var å oppleve at de som underviste åpent delte fra livet sitt.

– Det har gjort noe med meg, sier hun.

– De fleste opplever at livet er tøft til tider. Det har vært fint å være vitne til levdt liv, legger Erling til.

#### **SISTE UTVEI**

– *Må man ha det tøft sammen for å dra på familieleir?*

– Nei, og det var heller ikke grunnen til at vi begynte å reise. Om man befinner seg i en virkelig krise, vil jeg heller anbefale å oppsøke hjelp et annet sted. Der fins par-weekender og familiesentere man kan oppsøke, sier Maria.

Erling understreker at man kan komme med ulik «bagasje», og at det å reise på familieleir har vært siste utvei for noen.

– Det er rom for alle. Vår bønn som ledere er at vi kan få legge til rette for at Gud kan møte og forandre liv. Jeg har hørt flere eksempler på at noen reiste på leir som siste utvei og fikk en ny start, sier han.



**Knarvik  
Blomsterstove**

Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalstø  
Tlf: 56 35 62 20 – [www.knarvikblomsterstove.no](http://www.knarvikblomsterstove.no)



FELLES PROSJEKT: Familieleirene på Lyngmo har blitt et felles prosjekt for familien Rosland.

Fra venstre: Lea, Maria, Lisa, Mari og Erling.



KOMME NÆRMERE: – Når Maria og jeg jobber med å komme nærmere hverandre, får det konsekvenser for hele familien, sier Erling. Her koser de seg utenfor det nybygde huset på Seim.





STORT ENGASJEMENT: Silje Ingelin Sæterstøl og Frank Rune Dale har eit sterkt engasjement for gode møteplassar, og er med i arbeidsgruppa for eit kombinert kyrkje- og kulturhus på Frekhaug.

# Ulik ståstad, felles mål

Tekst/foto: Arthur Kleiveland

**HO ER IKKJE-TRUANDE, HAN ER TRUFEST KYRKJE-  
GJENGER. BEGGE BRENN FOR Å FÅ PÅ Plass EIT  
KOMBINERT KYRKJE- OG KULTURBYGG I FREKHAUG.**

Silje Ingelin Sæterstøl og Frank Rune Dale har stor tru på å få realisert det spennande prosjektet. – Gode møteplassar er utruleg viktig, ikkje minst i vår urolege verd, seier dei.

Det er lagt fram planar for eit kombinert kyrkje- og kulturhus, med bibliotek og kafé som ein del av konseptet.

– Møte mellom menneske har med sjeleleg trivsel å gjera, seier Silje, som er full av beundring for den store og flotte innsatsen som kyrkjelyden gjer på ulike felt i lokalsamfunnet.

Få hadde trudd at nettopp ho skulle engasjera seg så sterkt for eit kombinert kyrkje- og kulturhus på Frekhaug. Silje er stolt av at ho som «outsider» kan få vera med og bidra.

– Eg ser det flotte arbeidet som blir gjort, både blant flyktningar, barn og eldre, og eg har rett og slett vanvittig lyst til å vera med og realisera denne møteplassen, seier ho entusiastisk.

## – TA VARE PÅ KVARANDRE

Både Silje og Frank Rune er med i arbeidsgruppa for kyrkje- og kulturbygget. Det er ikkje eit tradisjonelt kyrkjebygg dei vil reisa.

– Vi vil byggja ein god samlingsstad der folk kan ta vare på kvarandre, seier dei.

Frank Rune peikar på at kyrkja i dag må leiga lokale i sentret og andre stader i bygda for å få plass til ulike aktivitetar.

– Kyrkja på Meland har fungert utmerka til sitt bruk, men utover sjølve kyrkjesalen er det dårlege forhold for aktivitetar.

Han er ein smule flau av fascilitetane som dåpsfolket blir møtt med.

– No treng kyrkja ein stabil møteplass sentralt på Frekhaug, seier han.

## – KNARVIK DEKKAR IKKJE BEHOVET

Dei to eldsjelene vil ikkje høyra snakk om at behovet for kyrkje og møteplass blir dekkja med katedralen og eit framtidig regionalt kulturhus i Knarvik – berre ein kort kjøretur unna.



– Greitt nok at avstanden er liten, men med den store folkeveksten Meland har hatt og vil få, er det heilt nødvendig med slike møteplassar også her. Særleg i Frekhaug-området har folkeveksten vore kolossal. Det vil ikkje vera plass nok i Knarvik, og både for unge og eldre er det viktig med ein møteplass i gangavstand, der folk bur.

– Det er grunn til bekymring når daglegvarebutikkane har vorte dei viktigaste møteplassane for folk. Vi går jo ikkje på besøk til kvarandre lenger. Møteplassar er viktige for å skapa identitet, som er med og bitt eit lokalsamfunn saman, seier Frank Rune og Silje samstemt.

### GÅR FINT MED SAMBRUK

Etter å ha sjekka kyrkjelova sine krav til sakrale rom, føler Frank Rune at det ikkje vil by på store utfordringar å finna gode løysingar for sambruk av store delar av lokalitetane i eit nytt bygg.

– Det vil vera aldeles glimrande om vi til dømes kan få til eit kurs- og konferansesenter i tilknytning til ein kafeteria i bygget, seier Silje. Ho er politisk vald medlem i plannemnda for kyrkje- og kulturhus.

Ho vart overbevist då Frank Rune frå kyrkjeutvalet presenterte planane på eit møte i Venstre, som Silje representerer.

### «HALLELUJA»-STEMNING

– Her oppstod det nærast ei «halleluja»-stemning for planane, og det blant folk i den «ikkje-religiøse» leiren, seier 48-åringen med eit smil.

Arbeidsgruppa har engasjert ein arkitekt for å greia ut kva



**Frank Rune Dale**  
Medlem kyrkjeutval. 65 år



**Silje Ingelin Sæterstøl**  
Politiker, Venstre. 48 år

som er mogleg å få til. Mellom anna blir det lagt opp til å knytta kulturdelen opp mot biblioteket – som kanskje kan utvikla seg til eit litteraturhus med lokale også for konsertar og ulike framsyningar.

– No ser vi berre dei positive perspektiva, seier Frank Rune og Silje.

Kyrkjemannen er imponert over det sterke engasjementet den sjølvverklærte ateisten har i denne saka. Det smittar over på sjølv dei mest skeptiske sjelene i det politiske miljøet.

– Eg føler meg kjempeheldig som får lov å vera med og jobba for dette prosjektet, seier ho.

### NÆRMAR SEG 100 MILL.

Meland kommunestyre har løyyt 300.000 kroner til eit forprosjekt og har i økonomiplanen sett av 70 millionar kroner fordelt på 2018-19. Kyrkjelyden tek mål av seg til å gå inn med 15-20 millionar kroner i eit kombinert kyrkje- og kulturhus.



## Ferie med onkel

Andakt ved seniorprest Bjørn Moe

Stort sett gledet vi oss til sommerferiene, da vi var unge. Om ikke annet så var det fri fra skolen. Reisemålet var ikke alltid det mest spennende, for mor og far, 4 unger og en hårete hund. Som oftest var det familie på en eller annen måte. Av og til var det bilferie sammen med min mors bror. Onkel var en aktiv mann, med familie, egen bedrift og et stort samfunnsengasjement. Han var lett å komme i kontakt med, var

interessert i oss unge, og hadde mange av datidens tekniske nyvinninger. Han viste og delte gjerne. Men på lørdagene begynte han å bli litt urolig, også på ferieturene. Da gikk han rundt og sjekket og spurte seg for, der vi var. Og søndag morgen skjønte vi hvorfor. Han stod tidlig opp, og han skulle ha noen med seg. Han skulle til kirke. Midt i ferien. Også der det ingen kirke var. Da kunne vi unge oppleve ham som plagsom. Og

vi kunne kjøre både tre og fire kvarters tid en søndagsformiddag for å komme til kirke og nattverd. Han likte best når det var «full pakke.»

I voksen alder har jeg skjønt hva han drev med. Han pleide sitt gudsforhold. Han sørget for at han forble i den store fortellingen. Den som har en begynnelse og ett mål. Den som alle kan være med i. Den sammenhengen som Jesus gir oss.

Onkel brukte sommertiden til å fornye sitt forhold til Gud. Han brukte tiden til å styrke sin tro, til å komme nær den oppstandne, til å finne hvile i noe utenfor seg selv.

Muligens var det Jesu enkle ord han hadde tatt til seg og omsatt til praksis: (Markus 6,31a). Og Jesus sa til dem: «Kom med meg til et øde sted hvor vi kan være alene, og hvil dere litt!»



# Gode opplevingar på Kyrkjeklubben

Tekst/foto: Terje Øpstebø

**KVAR FØRSTE MANDAG I MÅNADEN SAMLAST KYRKJEKLUBBEN I KNARVIK KYRKJE. RUNDT 15 PERSONAR MED UTVIKLINGSHEMMING OG LIKE MANGE FAGPERSONAR DELTEK.**

– Trenden har vore at frammøte har vore jamt stigande. Det har i hovudsak vore vaksne utviklingshemma som har kome på samlingane, men me trur at det også vil kome yngre til, etter kvart som tilbodet blir betre kjent. Me ønskjer også å få med oss folk frå Radøy og Meland, fortel leiar Inger Øyna Jordal.

Klubben starta opp i september i fjor. Det har tidlegare vore ein slik klubb i Knarvik, men denne vart lagt ned for nokre år sidan. No har fleire etterlyst eit tilsvarande tilbod.

– Kommunane er faktisk lovpålagt å gje eit tilbod om åndeleg omsorg og tilrettelagt trusutøving til denne gruppa, og me trur at klubben kan vera med å ivareta dette, seier Jordal.

Ho fortel at samlingane vanlegvis er delt i tre.

– Først ei samling i kyrkjetoget, der me har aktivitetar som song og inkluderande leikar, utlodning med meir. Deretter et me kvelds i lag før me går inn i kyrkjerommet for å ha ei lita gudsteneste.

Jordal fortel om svært gode tilbakemeldingar, både frå medlemene sjølv og frå pårørande som fortel at folk gler seg til klubben.

– Me ser at fleire kjem tidleg, og at dei med glede hjelper til med å førebu samlingane. Frå eit bufellesskap har me fått tilbakemelding om at klubben kan vera spesielt viktig for dei multifunksjonshemma, som ikkje har så mange andre ting dei kan

## KYRKJEKLUBBEN

- Kyrkjeklubben held til i Knarvik kyrkje
- Er tilrettelagt for utviklingshemma, med eller utan følgje.
- Tilbyr leik, song, aktivitetar og gudsteneste

delta på.

I klubben samarbeider pårørande, frivillige med ulik bakgrunn og folk frå kyrkja. Jordal fortel at dei har fått knytt til seg ein god stab av frivillige, men at dei framleis treng folk til å gjere ulike typer oppgåver, som kjøkkenteneste og liknande.

– Me kan lova god stemning og gode opplevingar for dei som vil engasjera seg, seier ho.



GUDSTENESTE: I klubben samarbeider pårørande, frivillige med ulik bakgrunn og folk frå kyrkja.



# Kulturkalender

2. juli

## MUSIKKGUDSTENESTE I MO KYRKJE

Søndag – kl. 17.00

Modalsdagane vert avslutta med musikk gudsteneste i Mo kyrkje. Boris Kuprijanov og Else Westervik med fleire deltek.

27. juli

## KONSERT I KNARVIK KYRKJE

Torsdag – kl. 20.00

Ensemblet KLAZZIXX spelar gamal musikk i ny drakt. Verk av bl. a. Henry Purcell, W. A. Mozart og J. S. Bach. Billetter på [www.ticketmaster.no](http://www.ticketmaster.no) og ved inngangen.

25. august

## KONSERT I KNARVIK KYRKJE

Fredag – kl. 20.00

Tett på. Konsert med Sigvart Dagsland. Torjus Vierli, tangenter. Bill. kr. 350 på [www.ticketmaster.no](http://www.ticketmaster.no) og ved inngangen. Arr.: Musikkens Venner Nordhordland og Knarvikmila.

27. august

## MUSIKKANDAKT PÅ HOLMEKNAPPEN, MELAND

Søndag – kl. 11.00

May Sissel Rismyhr Jansen held musikkandakt på friluftsgudstenesta på kaia på Holmeknappen. Arr: Meland kyrkjelyd i samband med Kystsogedagane.

1. september

## KONSERT I KNARVIK KYRKJE

Fredag – kl 19.30

Konsert med Eikanger Bjørsvik Musikklag i samband med Knarvikmila.

17. september

## KONSERT I KNARVIK KYRKJE

Sundag – kl. 19.00

Kor- og orgelkonsert med Hallgeir Øgaard Westli og Alversund kammerkor.

19. september

## KONSERT I KNARVIK KYRKJE

Tysdag – kl 19.00

Konsert med Maria Arredondo, Torstein Sødal og Knarvik Gospel.

NY STEIN - OPPUSSING - NAVNETILFØYING

Kontakt oss på forhånd i telefon og gjør avtale

**VESTSTEIN - naturstein**

5918 FREKHAUG - Mob.: 91 31 34 80

Nordhordland Begravelsesbyrå AS



GRAVFERDSBYRÅ FOR HEILE NORDHORDLAND

Havnevegen 31, 5918 Frekhaug / Idrettsvegen 1, 5936 Manger

Tlf. 56 37 14 10

post@nordh-bb.no · www.nordh-bb.no

ME GÅR SAMAN MED DEG HEILE VEGEN,  
PLANLEGGING-BLOMAR-GRAVSTEIN

Avd.Vaksdal: Ann-Elin M.Gullbrå

Tlf. 56 99 25 70



## Oppskrift

**Jonita Næss**

Bur i Holmefeltet i Meland

I Mat og helse- timane på skulen laga ei av jentene våre pastasalat med kylling for mange år sidan. Den opprinnelege oppskrifta stod i "KOKEBOK for alle – frå bollar til burritos", som alle i 6. klasse fekk frå Helsedirektoratet.

Dette vart ein av sommarfavorittane heime hjå oss. Etter kvart forandra vi litt på ingrediensane og fekk vår eigen vri på salaten. Saman med nylaga focacciabrød er dette god, fargerik og sunn sommarmat for store og små.



# Pastasalat med kylling

## Ingrediensar

Til fire svoltne personar  
250 g pasta  
1 grønsaksbuljongterning  
3 ss olivenolje  
2 ss lys balsamicoeddik  
litt pepar  
1-2 fedd kvitlauk (pressa)  
300-400 g kylling i tynne skiver  
1 rødlauk i tynne strimler  
1 paprika i strimler  
1 brett sukkererter, delt i to  
1 avokado i terningar  
1 mango i terningar  
1 klase blå druer, delt i to  
1 beger rucculasalat, grovhakka

## Framgangsmåte

1. Kok pastaen.
2. Smuldre grønsaksbuljongen og rør den saman med olje, eddik, pepar og kvitlauk til ein dressing. Bland dette i den nykokte pastaen. Avkjøl.
3. Steik kyllingen. Avkjøl.
4. Bland pastaen med kyllingkjøtet og grønsakene/ frukta.
5. Server med nylaga focaccia.



# KONFIRMANTE 2018

Tekst: Ruben Sæle

Foto: M. Sæle og A.K. Uthaug

Du som er fødd i 2003 tenkjer kanskje på om du skal melde deg på konfirmantopplegget i Meland kyrkjelyd? Det håpar vi du gjer!

## EI VIKTIG TID – EIT VIKTIG VAL!

Konfirmanttida er ei tid for å tenkje nye tankar, få nye opplevingar og kanskje få nye venner!

Saman skal vi utforske: Kvar kjem eg frå? Kva skal eg bruke livet til? Finst Gud? Vennskap og menneskeverd. Sorg og glede. Mote og mobbing. Kjærleik, seksualitet og samliv. Miljø og rettferd. Korleis kan eg vere noko for andre? Kven er Jesus? I konfirmanttida er det tid og rom for å tenkje og stille spørsmål. Det er ei tid for å lære meir om Gud, om deg sjølv og om andre menneske.



## KVA ER KONFIRMASJON?

Ordet konfirmasjon kan tyde både «å stadfeste» og «å gjere sterk». Konfirmasjonshandlinga er ei forbønshandling der vi bed Gud om å velsigne og styrkje kvar einskild konfirmant. Det viktigaste med konfirmanttida er å bli betre kjend med den kristne trua, og lære om korleis ein lever som kristen.

## UNDERSVISING

Undervisninga skjer på mange forskjellige måtar. Som konfirmant deltek du på fellessamlingar, gudstenester, aktivitetar og

ein innsamlingsaksjon. I tillegg vél du eitt av desse undervisningsopplegga:

Alternativ 1: Undervisningssamlingar etter skuletid i tillegg til samtalegrupper heime hos folk i kyrkjelyden (heimegrupper).

Alternativ 2: Filmopplegg. Undervisningssamlingar der vi mellom anna ser film som tek opp tema som vi skal lære om i konfirmasjonstida.

Leir: I løpet av konfirmasjonsåret blir det høve til å reise på weekend. Du får oppleve fellesskap, aktivitetar og høve til å gjere erfaringar med trua.



## PRAKTISK INFORMASJON

I Meland kyrkje har vi konfirmasjon på hausten. Det gjer at konfirmasjonsåret vil sjå omtrent slik ut:

Oktober: Du får informasjon om påmelding i posten. Informasjonssamling om opplegget vårt.

Oktober/november: Frist for påmelding

November-august: Undervisningssamlingar, innsamlingsaksjon, heimegrupper, aktivitetar og gudstenester. Det er ikkje undervisning når skulen har ferie.

September: Konfirmasjonsgudsteneste!

## KVEN MØTER DU?

Konfirmasjonsopplegget er kyrkjelyden sitt arbeid. Derfor vil du møte mange av dei som høyrer til kyrkjelyden i konfirmasjonstida – spesielt på gudstenester, i heimegrupper og på leir. Dei som har hovudansvaret for undervisninga og organiseringa er trusopplærar Anne Marit Fosse Dahle og diakon Ruben Sæle. Og så vil du sjølv sagt treffe prestane Torbjørn Aamli og Bjørn Moe. Kontaktinfo finn du på s.2

Velkommen til konfirmasjonstid – opplev og utforsk trua saman med fellesskapet i Meland kyrkjelyd!

# NY I MELAND KOMMUNE?

Du er hjarteleg velkommen til å bli med på samlingar og aktivitetar i regi av, eller i samarbeid med Meland kyrkjelyd.

**Gudsteneste, kvar søndag i Meland kyrkje kl. 11.00.**

Treng du skyss?:  
Ta kontakt med  
**kyrkjekontoret 56 17 14 80.**

Søndagsskulen Løvegiengen, kvar søndag utanom skuleferiane og familiegudstenester. Gruppe for barn under skulealder og skulebarn opp til 7.kl.  
Kontakt: **Anne Marit Fosse Dahle, 93 61 13 11.**

Bønefrukost, annakvar mandag (partalveker) kl. 09.00 på Møteplassen.  
Kontakt: **Ingvard Hageberg, 41 45 18 55.**

Norskurs for innvandrarak, kvar mandag kl. 18.00 – 19.30. Møteplassen. Gratis norskurs, inga påmelding, små grupper. Skyss for dei som treng.

Internasjonal kafe, kvar mandag kl. 19.30 – 21.00. Uformell treffplass, nokre gonger med litt program. Kontakt for norskurs og internasjonal kafe: **Brit Torun Hitland, 95 22 35 08.**

Open Møteplass, Open treffstad/kafe for dei som er heime på dagtid. Kvar mandag, onsdag og torsdag kl. 11.00–13.30 på Møteplassen.  
Kontaktperson:  
**Marit Sæle, 40 47 35 20.**

Bøn før jobb. Kvar tysdag kl. 07.15 – 07.45 på Møteplassen.  
Kontakt:  
**Torbjørn Aamli, 56 17 14 84.**

Småbarnstreff med babysang, kvar tysdag kl. 11.00 – 13.00 på Møteplassen.  
Kontakt: **Anne Marit Fosse Dahle, 93 61 13 11.**

Octavia - Meland ungdomskantori. Kor for jenter frå 5.klasse til vidaregåande skule. Øver kvar torsdag på Nordgardsløa.  
Kontakt: **Eirin Åserud-Løvlid, 94 33 67 79.**

Felix Vocalis, kor for voksne, øver annakvar tysdag klokka 19.30 på Nordhordland folkehøgskole.  
Kontakt: **Jannicke Wisløff Åsebø, 40 22 86 94.**

Husgrupper (bibelgrupper), som møtest i heimar, sosialt, samtale, måltid, bønn.  
Kontakt: **Stine Karin Sæle, 47 64 08 09.**

Seniors, treffpunkt med program og middag på dagtid. Ein gong i månaden. Samarbeid med Frekhaug indremisjon og Norkirken.  
Kontakt:  
**Victor Bakke, 99 61 75 83.**

Yngres Frekhaug, aktivitetar, andakt og kiosk. Annakvar fredag på Frekhaug bedehus. For 5.-7.klassingar. Samarbeid med Norkirken og Frekhaug indremisjon.  
Kontakt:  
**Ruben Sæle, 56 17 14 88.**

SKrUL, ungdomsklubb for deg som går i 8. klasse og oppover, på Frekhaug bedehus, hver lørdag.  
Kontakt: **Erik Herredsvela, 91 19 76 98.**

Levande Lys, barnekor for deg som er fylt 4 år og oppover. Øver annakvar onsdag kl. 17.30 – 18.30 på Frekhaug bedehus.  
Kontakt: **Kamilla Strømsbo Dale, 47 30 65 24.**

Strilongane, barnekor for deg som er ca. 4 år og oppover. Øver kvar mandag kl. 17.45 – 18.30 på Rossland skule.  
Kontakt: **Inger Bratshaug, 41 68 06 53.**

Frekhaug Soul Children, kor for deg som går i 5.-10. Klasse. Øver annakvar onsdag (oddetalsveker) kl. 18.30 – 20.00 på Frekhaug bedehus.  
Kontakt:  
**Beate Lavik, 41 33 00 00.**

## Kort nytt frå kyrkjevevja

**TILFØYING I JUBILÉUMSSKRIFTET MELAND KYRKJE 150 ÅR:**

Under utforminga av omtalen av organist Arvid Sakseide i jubileumsskriftet vart noko diverre gløymt, nemleg samarbeidet med nokre av songkreftene her i Meland. Det er vi leie for.

Teksten står på nettsida vår [www.melandkyrkja.no](http://www.melandkyrkja.no) (Under «Om oss» finn du «Jubileum» og «Jubileumsskrift») og linjene kan klippast ut og limast i ytremargen på s.39 i jubileumsskriftet.

**Hageland**

Søderstrøm Blomster og Hagesenter AS  
Lyngvegen 1, 5914 Isdalstø  
tlf. +47 56 35 17 65  
mobil +47 926 08 647

**MELAND ELEKTRO**  
AUTORISERT ELEKTROENTREPRENØR

Mjåtveitflaten 45, 5918 Frekhaug  
post@melandelektro.no

**Meland Auto AS**

Autorisert bilverkstad  
www.melandauto.no



Alt i rørleggerarbeid. Nybygg og reparasjoner



VVS butikk på Holme

Tlf. 56 17 07 10 • Mobil 92 44 56 57 • E-post bjoemks@online.no

**SparebankenVest**

REGION NORDHORDLAND

**ALT I CATERING**

NORDHORDLAND FOLKEHØGSKULE  
www.catering.com • tlf. 56 17 43 23



# Livets gang

## Døpte

### Meland kyrkje

Audun Løkvik Dale, 26.02.2017  
Lukas Sagstad Iden, 26.02.2017  
William Møgster-Brakstad, 26.02.2017  
Emely Møgster-Brakstad, 26.02.2017  
Rasmus Skjelanger Rossland, 26.02.2017  
Ariel Hagebø Ruskedal, 26.02.2017  
Andreas Sæle, 26.02.2017  
Aurora Angell Kvalvåg, 05.03.2017  
Vetle Ingebrigtsen Sandanger, 05.03.2017  
Martinus Jørgensen Skjelvik, 05.03.2017  
Lukas Berge Stusdal, 05.03.2017  
Niklas Mjåtveit Bengtson, 19.03.2017  
Emma Bratshaug, 19.03.2017  
Kristian Polden Tonning, 19.03.2017  
Jessie Mari Jensen Blindheim, 09.04.2017  
Tobias Bengtson Skauge, 09.04.2017  
Linnea Marthinussen Søvik, 09.04.2017

### Alversund kyrkje

Hendrik Sagstad, 26.03.2017

### Knarvik kyrkje

Daniel Valdernes Toft, 09.04.2017

## Vigde

### Meland kyrkje

Victoria Landa Bråthen og Kristoffer Nielsen Myrjord 26.03.2017

## Gravlagde

### Meland kyrkje

Martha Moldekleiv (f.1931) 10.03.2017  
Julia Elise Åsebø (f.1918) 14.03.2017  
Erik Sagstad (f.1928) 17.03.2017  
Erna Davidsen (f.1961) 17.03.2017  
Olav John Skråmestø (f.1923) 06.04.2017  
Olga Johanna Grønhaug (f.1920) 11.04.2017  
Solveig Marthinussen (f.1924) 28.04.17.  
Lars Olaf Landsvik (f.1917) 03.03.17

**KIWI mini pris**

for alle med sans for lavpris  
FREKHAUG SENTER  
Åningtider: Man.-fred. 9.00-22.00  
Lørd. 9.00 - 20.00

**MAKS**

MELAND ARBEIDS- OG KOMPETANSESENTER AS

-ei Vekst  bedrift



Vatne Begravelsesbyrå as  
Kvassnesveien.11 - 5914 Isdalstø

Ordner alt ved gravferd og kremasjoner i distriktet og byen  
Tlf. 56 35 09 10 - 56 35 16 61

**REMA 1000**

FREKHAUG SENTER  
tlf.: 56 17 60 00

**NY STEIN - OPPUSSING - NAVNETILFØYING**  
Kontakt oss på forhånd i telefon og gjør avtale

**VESTSTEIN - naturstein**

5918 FREKHAUG - Mob.: 91 31 34 80

Gravstein i alle utførelser fra enkle og grove til helpolerte.

Tilbehør til gravstedet  
Tilførsler av navn  
Oppussing vask, stell  
Rehabilitering reperasjon  
[www.eikner.no](http://www.eikner.no)



**STEINRIKET**

EIKNER NATURSTEIN

Lokal representant  
**Rune Hjermann**  
Kyrkjesundsvegen 81, Holsnøy  
Mob 91163120

# Konfirmasjon i Meland kyrkje 2017

## 9. september - 11.00

Erlend Olsen Hindenes  
Maria Louise Rutle  
Kenneth Berge Lie  
Ida Sæthre Samuelsen  
Tonje Hylseng Bø  
Silje Marheim Tysse  
Julie Ibsen  
Thobias Mellingen  
Marte Hagen Bjørsvik  
Tarje Ulvedal Abrahamsen  
Solvor Agasøster Oddekalv  
Silje Dale Steinsland  
Håvard Emil Folkestad

Malin Estelle Larsen  
Vidar Førde  
Adrian Stenseth Bratten

## 9. september - 13.00

Iselin Albrechtsen Stenhaug  
Rolf Frantsen Rossland  
Jarand Sagstad Hillesøy  
Haldor Åsebø  
Magnus Schnelle Skjelanger  
Amalie Fardal Gravelseter  
Preben Hauge Molvik  
Jens Helge Husebø  
Malene Mikkeline

Tungodden Tvedt  
Verona Moldrheim  
Christ Mena Mæstad  
Elin Landsvik  
Ronja Hopperstad Walde  
Magnus Nilsen Ådlandsvik  
Kristian Nordeide  
Nyhammer  
Corinna Zimmerman

## 10. september - 11.00

Rebecka Stusdal  
Iselin Odland Lien  
Daniel Brakstad Bratshaug  
Susanne Sørli Slettebakken  
Amalie Haukeland Vevang  
Haakon Tjore Soltvedt  
Sander Ernes Steinhovden  
Malin Jansen Henriksen  
Olav Wallem Husa  
Cassandra Frydenlund-All

## 16. september - 11.00

Preben Wellbrock Meland  
Solveig Nygård Haugland  
Tobias Granberg Husebø  
Trym Sivert Osei Liland  
Walther André Jarness  
David Floen Husebø  
Sondre Tonheim Gundersen  
Michelle Gripsgård Hansen

## 16. september - 13.00

Jonas Aalen Jacobsen  
Michael Rikstad  
Lars Enerstvedt Teigland  
Sanna Sture Ljung  
Christian Isdal  
Ida Herland  
Amalie Ølmheim  
Frida Sofie Eikeland  
Maren Sofie Warberg Larsen

# GUDSTENSTE- KALENDER



Foto av Meland Kyrkje: Morten Sæle

04.06.2017  
Gudsteneste  
kl. 11.00 v/ Moe  
Dåp/nattverd  
Sommaravslutning med fest  
Takkoffer: Himal Partner

11.06.2017  
Gudsteneste  
kl. 11.00 v/ Aamli  
Dåp/nattverd  
Samtalegudsteneste  
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

18.06.2017  
Gudsteneste  
kl. 11.00 v/ Aamli  
Dåp/nattverd  
Film for barna  
Takkoffer: Den Norske Israel-  
misjon

25.06.2017  
Gudsteneste  
kl. 11.00 v/ Aamli  
Dåp/nattverd  
Film for barna  
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

02.07.2017  
Gudsteneste  
kl. 11.00 v/ Moe  
Dåp/nattverd  
Film for barna  
Takkoffer: Fjon Fjellkyrkje og  
ungdomssenter

09.07.2017  
Gudsteneste  
kl. 11.00 v/ Aamli  
Dåp/nattverd  
Film for barna  
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

16.07.2017  
Gudsteneste  
kl. 11.00 v/ Aamli  
Dåp/nattverd  
Film for barna  
Takkoffer: Himal Partner

23.07.2017  
Gudsteneste  
kl. 11.00 v/ Aamli  
Dåp/nattverd  
Film for barna  
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

30.07.2017  
Gudsteneste  
kl. 11.00 v/ Moe  
Dåp/nattverd  
Film for barna  
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

06.08.2017  
Gudsteneste  
kl. 11.00 v/ Moe  
Dåp/nattverd  
Film for barna  
Takkoffer: Himal Partner

13.08.2017  
Gudsteneste  
kl. 11.00 v/ Moe  
Dåp  
Film for barna  
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

20.08.2017  
Gudsteneste  
kl. 11.00 v/ Moe  
Nattverd  
Semesterstart. Søndagsåpent.  
Tema: Trua åleine. Løvegjeng.  
Ranselbøn  
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

03.09.2017  
Gudsteneste  
kl. 11.00 v/ Overå  
Dåp/nattverd  
Søndagsskule  
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

09.09.2017  
Konfirmasjonsgudsteneste  
kl. 11.00 og 13.00 v/ Aamli  
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

10.09.2017  
Konfirmasjonsgudsteneste  
kl. 11.00 v/ Aamli  
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

16.09.2017  
Konfirmasjonsgudsteneste  
kl. 11.00 og 13.00 v/ Aamli  
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

17.09.2017  
Gudsteneste  
kl. 11.00 v/ Aamli  
Dåp/nattverd  
Tema: Skaparverket ikkje til  
sals  
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

24.09.2017  
Gudsteneste  
kl. 11.00 v/ Sørebø  
Dåp/nattverd  
Søndagsåpent-gudsteneste  
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet



## Skal du byrje på skulen til hausten?

Då er du heidersgjest i Melandkyrkja søndag 20.august kl 11!  
Då blir alle som skal byrja i 1.klasse invitert til å vere med på  
gudstenesta. Då vil me be for deg og skuletida di framme ved  
altarringen, ( gjerne med skulesekken på!) og du vil få ei gåve  
av kyrkjelyden.

Etterpå kan du bli med på Løvegjengen (søndagsskulen vår),  
som har oppstart denne dagen.  
Ps. Du får eit brev i posten før dette!

